



Harald Dag Jølle, forfatter og historikar ved Norsk Polarinstitutt, skriv om turar, utstyr og turbøker for Dag og Tid.

FRILUFTSLIV



Vårskiløyping

Foto: Stein Tronstad

TUREN

Som skiløypar vel eg meg mai.

Dagane har vorte lengre. Sola varmar, og den umiskjennelege lukta frå eingongsgrillen kjem sigande inn frå fjæresteinane. Uterestaurantane blir fylte opp av høgrøysta karar med kne-korte bukser og kvite legger. Det grønast i liene, og måsen skrik som galen i den lyse natta. Den første våren er tvillaust her.

Men i fjellet er det framleis snø. Mykje snø for dei av oss som ikkje heilt vil sleppe taket i vinteren.

Det kan vere litt hardt, eg vedgår det, å motivere seg for å gå over blaute myrar og opp sølete

bakkar med slalåmskor på beina og ski på sekken. Men motet kjem fort attende når du igjen får snø under solane.

Me har valt oss Rasmustinden denne ettermiddagen. Eit fjell som verken imponerer med namn eller utsjånad. Men bakane er flotte og utsynet upåklageleg, her det ligg i utkanten av Lyngenhavøya.

Me stig, temperaturen fell, og snøen blir tørrare, medan verdas beste utsikt til namngjetne fjell som Piggvind, Lakselvtindan og Guhkesgåisa slår i mot oss.

Det er mykje flott eg kunne sagt om skiløyping i Lyngen i mai. Midnattsola – eg seier ikkje

meir. Men kanskje er det likevel tidsreisa som fascinerer mest. Frå sumaren i låglandet til vinteren på toppen. Og denne reisa blir endå tydelegare på vegen ned. Det går ikkje mange minutta frå du kaldfingra og småhutrande står og spenner på deg skia, til du susar inn i ein grøn bjørkeskog 1200 meter lenger ned. Ja, du las rett. Somme snørike år har ikkje bjørka tolmod til å vente. Slik som i år. Medan me svingar inn i kveldssola på våt sommarsnø, struttar ho eirgrøn og standhaftig imot oss. Er det rart eg vel meg mai?

HARALD DAG JØLLE



Foto: Stein Tronstad

SITATET

«Men å! når det bare ikke fulgte så meget a'ent med, det som ikke hever menneskene. Alskens luksus, med mat, og drikke, og toiletter, og kortspill, og narrestreker. Nu kommer folk herop på vidden, til et av disse store hotellene, for å slå tiden ihjel, og lever et larmende liv i dager og uker, så de må til byen for å hvile ...»

Fridtjof Nansen 1916, om at det vart lettare å koma til fjells etter at Bergensbanen kom

Sumardunjakka

NYTT TURUTSTYR

Det var ein gong det galdt å ha størst mogeleg dunjakke. Eg hugsar eg misunnte kompisen min som hadde Rabs flaggskip, Himalaya. Sjølv hadde eg berre modellen som var oppkalla etter Andesfjella. I dag kan det nesten verke som det er ein motsett trend. Kven har den lettaste dunjakka? Eller kanskje du nøyer deg med ein vest? Og det finst mange merke og modellar der ute i den marknaden som eg ikkje veit om me skal kalle turutstyr eller moteindustrien. Eg har òg fått

ein slik lettvektar, som til mi overrasking er ganske varm. Og sidan ho knapt veg 300 gram, er det ofte ho som hamnar i sekken.



Ei av dei mange lågvektsjakkene. «Den lettaste dunjakke på markedet, kun 215 gram!», skriv sportsnett om Mountain Hardwear Ghost Whisperer Hooded Down Jacket, som har ein ordinær utsalspris på 4000 kroner.



Aleksander Gamme, mannen bak nettstaden gamme.no, kan å formidle turopplevingane sine med glimt i auga.

gamme.no

NETTSTADEN

Du er kanskje ein av dei nær 600.000 som har sett han på YouTube. Krølltoppen frå Hamar som går bananas når han finn ein pose ostepop etter 86 dagar på tur til Sørpolen. Ikkje? Då må du google Aleksander Gamme og cheese doodles. Polfararen og fjellklatraren Gamme er mannen bak nettstaden gamme.no – eller «Norges ekspedisjonsnettsted» som det heiter i logoen. Og dette er ein flott nettstad for å finne oppdatert informasjon om kva som skjer langt ute i naturen. Her kan du klikke deg fram til inspirasjon for din neste ekspedisjon eller finne informasjon om komande arrangement, du kan lese bokomtaler og utstyrstestar og blogggar og artiklar frå alle verdshjørna.



Kent-Hugo Norheim på toppen av Nállangáisi i Lyngen

666 toppar

REKORDEN

Nokon er meir standhaftige enn andre. Og eg har sans for slike kreative langsiktige rekordforsøk som Kent-Hugo Norheim frå Laksvatn i Balsfjord no er i gang med. Han har funne ut at han skal opp på alle toppane på over 1000 meter i Troms fylke. Og det er, tru det eller ei, 666 i talet. Ideen fekk han for nokre år sidan, og i 2010 begynte han å samle systematisk. Både vinter og sommar. No har han kryssa av 403 fjell, men han greier ikkje å halde same tempo som i starten, uttalar han til Nordlys. Dei toppane som står att, er ofte langt unna. Det blir mykje køyring og lange innmarsjar. Likevel trur den toppturglade familiemannen at lista skal vere komplett i løpet av år 2020.

Norheim deler gladeleg opplevingane sine på nettstaden kugo.no. Her kan du lese om turane og om fjella – du kan jamvel sjå oppdatert statistikk over toppane han har nådd, fordelte på kommunar.

Bernt Bentsen 1860–1899

BIOGRAFIEN

Han evna tvillaust å hive seg rundt. Då Fridtjof Nansen kom med «Fram» til Tromsø i juli 1893, møtte Bentsen opp på kaia. Den 33 år gamle styrmannen, med lang fartstid frå Ishavet, ønskte no andre utfordringar. Nansen har referert hendinga slik: «Han blev forhyret i Tromsø, da vi drog afsted; det gik nokså fort: kl. ½ 9 kom han om bord for at tale med mig, og kl. 10 reiste 'Fram'». Bentsen var staut å sjå til, hadde eit lystig sinn og var ei vinning for ekspedisjonen, skal me lite på Nansens penn.

Etter tre år i Polhavet og suksessen med «Fram» var Bentsen klar for eit nytt eventyr. I 1898 vart han med den amerikanske journalisten og polfararen Walter Wellmann til Frans Josef land i eit forsøk på å kome til Nordpolen. Men no venta katastrofen. Saman med Paul Bjørvik skulle Bentsen overvintre i ein steingamme. Dette var eit depot lenger nord enn resten av ekspedisjonen, der dei to karane skulle passe på utstyr, bikkjer og proviant som skulle nyttast på vårens framstøyt mot



polpunktet. Det var ingen luksus, for å seie det varsamt, og under dei kummerlege tilhøva vart Bentsen sjuk og døyde 2. januar 1899.

Bjørvik hadde lova kompisen at han skulle syte for at han ikkje vart eten opp av rev og bjørn. Og sidan det sjølv sagt var uråd å gravleggje liket hans midtvinters, måtte han ha liket inne i den vesle steinbua. Det dramaet som utspela seg den vinteren, kan me umogeleg førestelle oss. Men John Giæver

har i *Hardbalne polarkarer* skrivt om kampen Bjørvik førde for å halde på forstanden, medan han låg saman med den daude kompisen på ein steinbrisk i to månader. Giæver skriv om halusinasjonane, om rifla som stod ladd og klar til bruk, om korleis Bjørvik prata med kompisen: «Lea du på auane, Bernt? Du skal ikke det for du er dau og stiv.» Han skriv om liket som stirde stivt ut i rommet fordi augneloka var frosne og uråd å få lukka, og om Bjørvik som las dikt i desperasjonen. «Jeg har mange ganger prøvd å tenke meg det bildet», seier Giæver, «den trange gammen ved breen, nedføyket, rimet og svart. Sjøl urmennesket hadde likere ly. Polarnatta, svart som bek. Langt, langt mot nord om all verden og alle mennesker står en kar og deklamerer dikt. Kroket står han under skinntaket. Ramser i vei likt og ulikt. Tvinger vanviddet unna.»

Bjørvik heldt ord. 28. februar kom berginga frå hovudstasjonen lenger sør. «Jeg undres på», avsluttar Giæver, «hvordan det kan føles å bli hentet fra helvete».

Sjølvpålagde lidningar i grisgrendte strok

Sommar og ferietid står for døra. Og kva er vel meir sommarferie enn lange, sløve morgonstunder, med frukost på senga, gardinene trekte frå og sol og frisk luft inn gjennom ope vindauger? Ingen kundeavtalar, ingen strategimøte, ingen lyskryss som aldri blir grønt.

– Kva skal vi gjere i dag?

– Nææ, kva med ein fjelltur? Vi kan berre gå litt opp i bakken, så langt vi kjem.

– Tjja... Men ikkje noko stress. Berre heilt sakte tempo?

– Ja, veldig, veldig sakte.

– Vi tek med ein taustump og litt mat og tek det som det kjem.

Ferie. Herleg...

STEIN P. AASHEIM



Fugleperspektiv



Det lovar ikkje godt at ismåsen slit. Foto: jomilo75 / flickr

Varsku her

Når kanarifuglen stillnar og visnar, har det kome giftgass i gruva, og alle mann må ut. Slik var leveregelen i kolgruvane. Burfuglar bukka under for at arbeidarane skulle vite å berge seg opp i dagen.

At fuglar stryk med, kan varsle fare på andre vis òg. Brukar ein dei som målestokk, ser ein flust med teikn på at miljøet er i ulage. Nokre beiske smakebitar:

Der det før var koloniar med kvite ismåsar på Svalbard, er det no stort sett tomt. Issmelting og miljøgifter trugar.

Talet på lomviar i fuglefjella våre er berre ein tidel av det det var for tretti år sidan. Drukning i fiskegarn, matmangel og oljesøl har kvesta stamma. At det har vore snautt med lodde å ete, vert kopla til overfiske og at havet har vorte varmare.

For hundre år sidan var det vanleg å høyre åkerriksa rope frå jordet i sommarnatta. Slåmaskiner har gjort ende på det. Nokre få rikser er att.

Hortulanen, ein sporv som òg treng dyrkamark, er nesten borte. Nye driftsmåtar i jordbruket, klimaendring og fangst får skulda.

Teikna ropar høgt – til den som vil høyre.

SVEIN ARNE ORVIK

Svein Arne Orvik skriv om fuglar for Dag og Tid.